



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 5. mars 2020

Sak

2019/0607 Vanylven kirkelige fellestråd – org.nr. 876 997 002 – klage over avslag på melding om smålotteri

Til stades: leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Vanylven kirkelige fellestråd melde 2. september 2019 inn eit smålotteri med planlagt omsetning på 200 000 kroner i perioden 16. september til 8. desember 2019. Føremålet med lotteriet var å samle inn pengar til nytt orgel i St. Jetmund kyrkje.

Lotteritilsynet avslo meldinga 6. september 2019, fordi det er ei offentleg oppgåve å drifte ei kyrkje, jf. kyrkjelova § 15, og det er ikkje tillate å halde smålotteri som har til føremål å finansiere ei offentleg oppgåve.

Klagar klaga på vedtaket fredag 20. september 2019. Klagar held fram at orgelet er valfritt musikalsk utstyr i denne kyrkja, som er eit kulturminne. Det kjem ikkje fram i lovverket at valfritt utstyr og utsmykking skal vere kommunen sitt ansvar. Ønsket om eit orgel i kyrkja er eit heilt privat initiativ som har komme frå kyrkjelyden. Eit nytt orgel vil vere å sjå på som ei utsmykking av kyrkja, i tillegg til at det er eit musikalsk instrument. Nytt orgel er også godkjent av Riksantikvaren og Møre bispedømme. Klagar opplyser vidare at det offentlege ikkje gir økonomiske tilskot, men stiller som garantist for lånet. Ifølgje klagar er det ikkje mogleg å få kostnadene til prosjektet inn i det kommunale budsjettet, då kyrkja ikkje er prioritert. Til slutt viser klagar til fleire lotteri som er arrangerte i samband med nybygging av kyrkjer, og ber om ei tilbakemelding på kvifor desse får halde lotteri. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende klaga med innstilling 2. oktober 2019 til Lotterinemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

Etter lov 24. februar 1995 om lotterier m.v. (lotterilova) § 6, jf. § 4, er det krav om godkjenning frå Lotteritilsynet for å halde lotteri, med unntak av lotteri som går fram av § 7. Etter lotterilova § 7 første ledd bokstav b kan ein utan løyve halde «forhåndstrukne og etterhåndstrukne lotterier med en begrenset omsetning».

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Nærmare reglar om unntak frå kravet om lotteriløyve er gitt i forskrift 21. desember 2000 nr. 1366 om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m. (heretter kalla forskrifta). Det går fram av § 5-1 første ledd at «organisasjoner som i sin virksomhet ivaretar formål som nevnt i lotteriloven § 5 første ledd [humanitært eller samfunnsnyttig formål], kan uten tillatelse avholde forhåndstrukne og etterhåndstrukne lotterier med omsetning inntil 200 000 kroner». Organisasjonen må på førehand gi melding til Lotteritilsynet om slikt lotteri, jf. § 5-1 tredje ledd.

Forskrifta § 5-1 andre ledd fastset at unntaket frå kravet om lotteriløyve, jf. første ledd, også gjeld for lokale og regionale ideelle og frivillige organisasjonar der inntekta frå lotteriet ikkje skal nyttast til kommersiell verksemd eller til å utføre offentlege oppgåver.

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Klaga frå Vanylven kirkelige fellesråd gjeld Lotteritilsynet sitt avslag av fredag 6. september 2019 på melding om smålotteri.

Klagar er ikkje godkjend som lotteriverdig organisasjon, og spørsmålet blir derfor om vilkåra i forskrifta § 5-1 andre ledd er oppfylte.

Det går fram av dokumenta i saka at føremålet med det innmelde smålotteriet er å samle inn pengar til nytt orgel i St. Jetmund kyrkje.

Det følgjer av forvaltningspraksis at organisasjonar med utspring i kyrkja har fått høve til å halde smålotteri, under føresetnad av at overskotet frå lotteriet ikkje kan gå til utgifter som tradisjonelt er ein naturleg del av drifta av kyrkja. Dette er kommunen sitt økonomiske ansvar, jf. kyrjelova § 15. Sjå til dømes Lotterinemndas vedtak av 19. januar 2016 i sak 2016/4 (Elverhøy menighet). Av Lotterinemnda si avgjersle går det fram at ein må rekne nytt orgel som ein del av den ordinære drifta av kyrkja, og at det dermed er det offentlege sitt ansvar sjølv om det ikkje blir gitt reelle midlar.

Lotterinemnda legg etter dette til grunn at bygging av kyrkjer eller inventar som blir rekna som ein naturleg del av drifta av ei kyrkje, til dømes eit orgel, skal sjåast på som ei offentleg oppgåve. Det har i denne samanhengen ikkje noko å seie at det offentlege ikkje gir økonomisk tilskot til det nye orgelet.

Når det gjeld klagar sin påstand om at kyrkja er eit kulturminne, viser Lotterinemnda til sakene 2018/141 (Hjørundfjord kulturvernlag) og 2019/31 (Tranøy kystlag), der det går fram at arbeid for vern av kulturminne blir sett på som ei offentleg oppgåve. Verksemd der føremålet er vern av kulturminne, kan derfor ikkje finansierast ved lotteri.

Klagar har vist til nyhendeutklipp med døme på lotteri som er haldne med same formål dei siste åra, og hevdar at dette utgjør forskjellsbehandling. Lotteritilsynet

har i e-post til Lotterinemnda 15. januar 2020 forklart at dei lotteria klagar har vist til, enten har fått avslag eller ikkje har vore behandla av Lotteritilsynet, slik at dei ikkje har fått løyve hos dei. Lotterinemnda kan ikkje sjå at det ligg føre forskjellsbehandling.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følge.

Dokumentet er godkjent elektronisk